

Til naboar,  
Berørte partar/grunneigarar,  
Offentlege og private høyringsinstansar.

Dykkar ref.:

Vår ref.: 15036

Dato: 17.03.16

## **VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM**

I medhald av plan- og bygningslova sin §§ 12-1, 12-3 og 12-8, 12-9 og § 7 i forskrift om konsekvensutgreiing, vert det varsla igangsetting av privat detaljreguleringsarbeid med tilhøyrande konsekvensutgreiing for gnr. 214, bnr. 3, m. fl., Vikane Næringsområde, Lindås kommune.

I samband med oppstart av planarbeidet vert òg planprogrammet lagt ut på offentleg høyring.

### Med privat reguleringsplan skal ein forstå:

Privat reguleringsplan etter Plan og bygningslovens kapittel 12, der privat grunneigar, tiltakshavar (utbyggjar) m. fl. tek initiativ, avklarar dette med kommunale styresmakter, og dernest utarbeider planen. Framlegg til plan vert sendt til kommunen, som dernest tek over ansvaret for sakshandsaminga med innhenting av merknader til planen og eventuelt krev endringar i planen før den vert lagt fram for vedtak i kommunestyret.

### Forslagsstillar

Forslagsstillar er Ragnvald Valle.

OPUS Bergen AS er utførande konsulent for planlegginga.

### Planområdet

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagte kartutsnitt, og utgjer om lag 143 daa. Planområdet omfattar Eikanger hagesenter og eit skogområde, samt omkringliggende vegsystem (E39 Osterfjordvegen og Sauvågen).

### Planstatus

Planområdet er i gjeldande kommuneplan (2011-2023) sett av til næring.

Delar av det aktuelle planområdet ligg innanfor omsynssona faresone for ras, og innanfor raud sone for støy.

Planområdet er ikkje regulert i dag.

### Føremål

Føremålet med planarbeidet er å utvikle og legge området til rette for næringsverksemd med tilhøyrande infrastruktur, i samsvar med overordna plan.

Utlegging av planprogram til offentlig ettersyn:

Tiltaket er vurdert slik at det er konsekvensutgreiingspliktig i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar. Som del av arbeidet er det utarbeidd eit framlegg til planprogram. Planprogrammet vert vedteke av Lindås kommune, og fastset kva som skal greiast ut som del av konsekvensutgreiinga. Dette brevet varslar om offentlig høyring av planprogrammet.

Planprogrammet vert sendt til offentlege høyringsinstansar. Grunneigarar i området og andre berørte partar kan òg få tilsendt framlegg til planprogram frå Opus Bergen AS. Det er òg mogleg å laste ned planprogrammet frå nettsida vår: [www.opus.no](http://www.opus.no).

Informasjon, medverknad og merknader:

For nærare informasjon kontakt OPUS Bergen AS, tlf. 55 21 41 50, faks 55 21 41 60, e-post [post@opus.no](mailto:post@opus.no). Merknader til planarbeidet kan sendast til

OPUS Bergen AS, Strandgaten 59, 5004 Bergen

eller elektronisk gjennom [www.opus.no](http://www.opus.no).

Det bør skiljast mellom merknader som gjeld innhaldet i planprogrammet, og merknader som gjeld sjølve reguleringsarbeidet.

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Lindås kommune – dette vert gjort samla av OPUS Bergen AS. Alle mottekne dokument, merknader og liknande vert sendt kommunen saman med planframlegget.

**Frist for merknader er sett til 07.05.16**

Vidare saksgang:

Etter at merknadsfristen er ute vil planframlegget verte utarbeidd og sendt til Lindås kommune for handsaming.

Venleg helsing



Vigdis Lode  
Opus Bergen AS

Vedlegg: Kartskisse



**Kartskisse over planområdet**  
**gnr. 214, bnr. 3, m. fl.,**  
**Vikane Næringsområde, Lindås kommune**

